

## Møteprotokoll for Plan- og miljøutvalet

**Møtedato:** 05.03.2014  
**Møtestad:** Kantina, rådhuset  
**Møtetid:** 12:00 – 19:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Alf Angelskår	KRF	Medlem
Geir Follesø	AP	Varamedlem
Halvard Rydland	H	Medlem
Henriette Mjøs	FRP	Medlem
Ingrid Hindenes	H	Nestleiar
Jan-Erik Hope	H	Utvallsleiar
Laila Bjørge	SP	Varamedlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Varamedlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Torgeir Arne Lid	SP	Varamedlem

  

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Astrid Namtvedt Sylta	AP
Kjetil Gjerstad	SP
Marit Tømmermo	AP

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal	Rådmann
Tor Hegle	Einingsleiar areal- og miljø
Arnold Matre	Fagleiar plan
Siril Sylta	Fagleiar byggjesak
Nora Gjerde	Møtesekretær

---

**Orienteringar:**

- Orientering om skriv frå Lygra grunneigarlag i høve kommuneplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra ved fagleiar Arnold Matre
- Orientering / drøfting om samarbeid/vedtak (døme på presedenssak) ved Einingsleiar Tor Hegle
- Gebyrforskrift og prioritering av planarbeidet ved Einingsleiar Tor Hegle

**Diverse merknader:**

- Torgeir Arne Lid gjekk etter handsaming av sak 27/14
- Laila Bjørge kom til handsaming av sak 29/14
- Geir Follesø gjekk før avrøysting under handsaming av sak 30/14

---

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
12/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
13/14	Godkjenning av møteprotokoll
14/14	Underskrift av dagens møteprotokoll
15/14	Delegerte saker
16/14	Referatsaker
17/14	Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til etablering av tilbygg til hytte og legalisering av gangpassasje i sjø, samt dispensasjon for oppføring av flytebrygge - gbnr 245/12 Stranda
18/14	Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanens § 5.14 om bygningshøgde for oppføring av bustad - gbnr 241/13 Bjørge
19/14	Søknad om dispensasjon for oppføring av brygge - gbnr 111/4 Skårnes
20/14	Konsesjon til Inger L.E. Olstad og Per Karl Blytt for overtaking av gbnr 65/2, 10 Myksvoll
21/14	Klage på avslag på søknad om deling gbnr 173/42 Rydland
22/14	Deling gbnr 214/3 Fyllingsnes - Areal til industri. Klage over vedtak om avslag.
23/14	Avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring frå hytte til bustad - gbnr 188/14 Gjervik ytre.
24/14	Dispensasjonssak: oppføring av murar i LNFR gbnr 140/14 - Erstad
25/14	Dispensasjonssak - endring av løyve med dispensasjon frå LNFR Eknes Karosseri - gbnr 196/111 Midtgård
26/14	Klage på avslag på søknad om fasadeendring og bruksendring av uthus/verkstad til anneks/gjestehytte - gbnr 212/68 Eikanger øvre

- 27/14 Avslag på søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan og avslag på rammeløyve for etablering av tomannsbustad og hybel gbnr 195/28 Leiknes
- 28/14 Klage på avslag på søknad om å utvide eksisterande steinkai mot aust - gbnr 212/66 Eikanger øvre
- 29/14 Søknad om dispensasjon frå plankrav og dispensasjon frå byggegrense mot sjø for bruksendring av fritidsbustad og oppføring av større tilbygg - gbnr 212/56 Eikanger Øvre
- 30/14 Søknad om etablering av gangbru i friområde gbnr 188/116 - Gjervik Ytre
- 31/14 Klage på vilkår i løyve og forslag til nytt vedtak - gbnr 137/661 Alver - brannstasjon

## **12/14: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Framlegg:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Samrøystes.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Innkalling og saksliste er godkjent

---

## **13/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Framlegg:**

Møteprotokollen vert godkjent

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Alf Angelskår må koma inn som fast medlem av utvalet, ikkje vara.

Møteprotokoll frå møte 22.01.2014 vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Møteprotokoll frå møte 22.01.2014 er godkjent.

---

#### **14/14: Underskrift av dagens møteprotokoll**

**Framlegg:**

#### **Behandling:**

##### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Desse vert valt i tillegg til leiar: Halvard Rydland og Sæbjørg Hageberg Kjeka

Samrøystes.

##### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Desse vart valt i tillegg til leiar: Halvard Rydland og Sæbjørg Hageberg Kjeka

---

## **15/14: Delegerede saker**

### **Framlegg:**

Meldinga vert teke til orientering

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Meldinga vert teke til orientering

Samrøystes

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Meldinga vert teke til orientering

---

## **16/14: Referatsaker**

### **Framlegg:**

Meldinga vert teke til orientering

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Meldinga vert teke til orientering

Samrøystes

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Meldinga vert teke til orientering

---

**17/14: Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til etablering av tilbygg til hytte og legalisering av gangpassasje i sjø, samt dispensasjon for oppføring av flytebrygge - gbnr 245/12 Stranda**

**Framlegg:**

Lindås kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg i nordvest til hytte, flytebrygge og gangpassasje i sjø, jf. pbl § 11-6, § 1-8, jf pbl § 19-2 og pbl § 29-2.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Dersom Plan- og miljøutvalet er positiv til dispensasjon, må dispensasjonsvedtaket sendast til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Pkt 1 fellesframlegg:**

**Pkt. 2 og 3 framlegg frå H / Krf / Sp / Frp:**

1). Plan og miljø gjev dispensasjon for oppføring av tilbygg i Nordvest til hytte jmf. Pbl §19-2

Grunngjeving:

-Ved å auka størrelsen på hytta blir den mogeleg å bruke heile året.

-Det er terrasse/uthus på aktuell plass i dag. Utbygging fører difor ikkje til meir privatisering av strandsona.

-Utbygging gjev svært små inngrep i terrenget.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

2). Plan og miljø gjev dispensasjon for gangpassasje (inkluderer eksisterande kai) i sjø jmf. Pbl § 19-2. På vilkår av at gangpassasje vert sett på påler.

Det må leverast reviderte teikningar før byggeløyve blir gjeve.

Grunngjeving:

-Tomten har vanskeleg tilkomst til sjøen, gangpassasjen vil gje ein god tilgang til sjø.

-Uten gangpassasje får ein ikkje nytta båtfeste da murkant på kommunal kai er til hinder.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

3.) Plan og miljø gjev avslag på dispensasjon for oppføring av flytebyggje jmf. §19.2.

## **Behandling:**

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

#### ***Utvalet var på synfaring før møtet.***

Det vart røysta over enkeltpunkt kvar for seg:

pkt 1 vart samrøystes vedteke

pkt 2 vart vedteke mot 2 røyster (Geir Follesø-AP og Ståle Hauge-AP)

pkt. 3 vart samrøystes vedteke

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**



1). Plan og miljø gjev dispensasjon for oppføring av tilbygg i Nordvest til hytte jmf. Pbl §19-2

Grunngjeving:

-Ved å auka størrelsen på hytta blir den mogeleg å bruke heile året.

-Det er terrasse/uthus på aktuell plass i dag. Utbygging fører difor ikkje til meir privatisering av strandsona.

-Utbygging gjev svært små inngrep i terrenget.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

2). Plan og miljø gjev dispensasjon for gangpassasje (inkluderer eksisterande kai) i sjø jmf. Pbl § 19-2. På vilkår av at gangpassasje vert sett på påler.

Det må leverast reviderte teikningar før byggeløyve blir gjeve.

Grunngjeving:

-Tomten har vanskeleg tilkomst til sjøen, gangpassasjen vil gje ein god tilgang til sjø.

-Uten gangpassasje får ein ikkje nytta båtfeste da murkant på kommunal kai er til hinder.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

3.) Plan og miljø gjev avslag på dispensasjon for oppføring av flytebyggje jmf. §19.2.

---

### **18/14: Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanens § 5.14 om bygningshøgde for oppføring av bustad - gbnr 241/13 Bjørge**

**Framlegg:**

Kommunen avslår med heimel i plan- og bygningslova, §19-1, jf § 19-2 og grunngjevinga i saksutgreiinga, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin § 5.14 om bygningshøgde, jf plan- og bygningslova § 11-6, for oppføring av bustad med utleigehusvære på gbnr 241/13 Bjørge.

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Fellesframlegg:**

Plan og miljø gjev i henhold til Pbl §9-12 dispensasjon frå kommuneplanen sin bestemmelse § 5-14 for tiltak som omsøkt.

Grunngjeving:

-Tomten ligg lavt i terrenget noko som gjer at huset vil liggja lavare enn omliggjande hus. Er ikkje til ulempe for nokon.

-Ingen nabomerknader.

-Plan og miljø vurderer difor at fordelane er vesentleg større enn ulempene.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

*Utvalet var på synfaring før møtet.*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Plan og miljø gjev i henhold til Pbl §9-12 dispensasjon frå kommuneplanen sin bestemmelse § 5-14 for tiltak som omsøkt.

Grunngjeving:

-Tomten ligg lavt i terrenget noko som gjer at huset vil liggja lavare enn omliggjande hus. Er ikkje til ulempe for nokon.

-Ingen nabomerknader.

-Plan og miljø vurderer difor at fordelane er vesentleg større enn ulempene.

---

## **19/14: Søknad om dispensasjon for oppføring av brygge - gbnr 111/4 Skårnes**

### **Framlegg:**

Lindås kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og frå pbl § 1-8 for oppføring/legalisering av brygge med heimel i § 11-6 og § 1-8, jf. § 19-2.

Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga

### **Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

*Utvalet var på synfaring før møtet.*

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (Henriette Mjøs-Frp og Ingrid Hindenes-H)

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Lindås kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og frå pbl § 1-8 for oppføring/legalisering av brygge med heimel i § 11-6 og § 1-8, jf. § 19-2.

Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga

---

## **20/14: Konesjon til Inger L.E. Olstad og Per Karl Blytt for overtaking av gbnr 65/2, 10 Myksvoll**

### **Framlegg:**

Lindås kommune gjev Inger L.E. Olstad og Per Karl Blytt konsesjon for overtaking av gnr 65 bnr 2 og 10 Myksvoll. Vilåret er at dei flyttar til staden og tek eigedommen som bustad innan tre år frå det tidspunkt dei får tinglese skøyte på eigedomen. Det er eit vilkår at areala på eigedomen vert skjøtta og hausta på ein forsvarleg måte.

Vedtaket er heimla i konsesjonslova § 9

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Lindås kommune gjev Inger L.E. Olstad og Per Karl Blytt konsesjon for overtaking av gnr 65 bnr 2 og 10 Myksvoll. Vilåret er at dei flyttar til staden og tek eigedommen som bustad innan tre år frå det tidspunkt dei får tinglese skøyte på eigedomen. Det er eit vilkår at areala på eigedomen vert skjøtta og hausta på ein forsvarleg måte.

Vedtaket er heimla i konsesjonslova § 9.

---

### **21/14: Klage på avslag på søknad om deling gbnr 173/42 Rydland**

#### **Framlegg:**

Argumenta som er sett fram i klagen motteke 03.02.14, er vurdert. Lindås kommune kan ikkje sjå at det er komen fram nye vesentlege moment i saka. Klagen vert ikkje teken til følgje. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 19-2 og arealdelen til kommuneplanen

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Fellesframlegg:**

Plan og miljøutvalet tar klagen til følge og gir med heimel i Pbl. §19-2 dispensasjon til frådelling og bygging etter kommuneplan § 5.14 med inntil 2 bueiningar pr. tomt.

-Landbruk vert ikkje sett vesentlig til side då arealet allerede er eksisterande bustad tomt.

Utvalet kan ikkje sjå at kulturlandskapet blir forringa av tiltaket.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Halvard Rydland (H) var ugild i handsaming av denne saka.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Plan og miljøutvalet tar klagen til følge og gir med heimel i Pbl. §19-2 dispensasjon til frådelling og bygging etter kommuneplan § 5.14 med inntil 2 bueiningar pr. tomt.

-Landbruk vert ikkje sett vesentlig til side då arealet allerede er eksisterande bustad tomt.

Utvalet kan ikkje sjå at kulturlandskapet blir forringa av tiltaket.

---

**22/14: Deling gbnr 214/3 Fyllingsnes - Areal til industri. Klage over vedtak om avslag.**

**Framlegg:**

Argumenta som er sett fram i klage motteke 04.FEB 2014, er vurdert. Lindås kommune kan ikkje sjå at det har komme fram nye moment i saka. Vedtak fatta i delegert sak 2013/3114 vert oppretthalde og klagen ikkje teke til følge.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §19-2 og i føresegnene til kommuneplanen pkt.1.1

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Argumenta som er sett fram i klage motteke 04.FEB 2014, er vurdert. Lindås kommune kan ikkje sjå at det har komme fram nye moment i saka. Vedtak fatta i delegert sak 2013/3114 vert oppretthalde og klagen ikkje teke til følgje.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §19-2 og i føresegnene til kommuneplanen pkt.1.1

-----

**23/14: Avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring frå hytte til bustad - gbnr 188/14 Gjervik ytre.**

**Framlegg:**

Kommunen avslår med heimel i plan- og bygningslova, § 19-1, jf § 19-2 og grunngevinga i saksutgreiinga, søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen, jf pbl § 11-6, for bruksendring frå hytte til bustad på gbnr 188/14 Gjervik ytre.

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Fellesframlegg:**

Plan og miljøutvalet innvilgar med heimen i Pbl § 19-2 søknad om dispensasjon frå hytte til bustad på

gbnr 188/14

Vilkår for dispensasjon er at det vert gjeve dispensasjon etter jordlova for omdisponering av areal for tilkomstveg til tiltaket.

Grunngjeving:

-Dette er eit allereia eksisterande bygg. Tiltaket vil difor ikkje gje ytterligare forringing i området.

Hytta ligg i område som er eit naturleg einebustadområde. Det vil ikkje vera hytter i området i framtida jfr. kommunedelplan.

-Aktuelt område inneheld ikkje element fra gardsdrift.

Samla sett er fordelane ved å gje dispensasjon vesentleg større enn ulempene.

### **Behandling:**

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Plan og miljøutvalet innvilgar med heimen i Pbl § 19-2 søknad om dispensasjon frå hytte til bustad på gbnr 188/14

Vilkår for dispensasjon er at det vert gjeve dispensasjon etter jordlova for omdisponering av areal for tilkomstveg til tiltaket.

Grunngjeving:

-Dette er eit allereia eksisterande bygg. Tiltaket vil difor ikkje gje ytterligare forringing i området.

Hytta ligg i område som er eit naturleg einebustadområde. Det vil ikkje vera hytter i området i framtida jfr. kommunedelplan.

-Aktuelt område inneheld ikkje element fra gardsdrift.

Samla sett er fordelane ved å gje dispensasjon vesentleg større enn ulempene.

---

**24/14: Dispensasjonssak: oppføring av murar i LNFR gbnr 140/14 - Erstad**

**Framlegg:**

Kommunen avslår søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6 (kommuneplan) for oppføring av mur, med heimel i pbl § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga nedanfor.

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Framlegg frå Ingrid Hindenes (H):**

Saka vert utsett til neste Plan og miljøutval. Det vert då gjennomført synfaring.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Framlegg frå Ingrid Hindenes-H vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Saka vert utsett til neste Plan og miljøutval. Det vert då gjennomført synfaring.

---

**25/14: Dispensasjonssak - endring av løyve med dispensasjon frå LNFR Eknes Karosseri - gbnr 196/111 Midtgård**



**Framlegg:**

Kommunen avslår søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §11-6 (LNFR-føremålet i kommuneplanen) for endring av rammeløyve, med heimel i pbl § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga nedanfor.

Spørsmålet om vidare utbygging må avklarast gjennom regulering

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:****Fellesframlegg:**

1.)

PMU ser søknaden frå Eknes karosseri om endring av rammeløyvet dei fekk innvilga i PMU 28.mars 2012 som ei mindre endring. Det vert difor gjeve løyve til denne endringa og vi viser til grunngjeving i vedtak 28.mars 2012.

2.)

Dersom det kjem søknad om utviding utover tomtegrensa, må dette avklarast gjennom reguleringsplan.

**Behandling:****Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Fellesframlegget vart røysta over punkt for punkt:

pkt 1): Vart samrøystes vedteke.

pkt 2): Framlegget fekk 3 røyster og fall (Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf, Alf Angelskår-Krf og Jan Erik Hope H)

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

PMU ser søknaden frå Eknes karosseri om endring av rammeløyvet dei fekk innvilga i PMU 28.mars 2012 som ei mindre endring. Det vert difor gjeve løyve til denne endringa og vi viser til grunngjeving i vedtak 28.mars 2012.

---

**26/14: Klage på avslag på søknad om fasadeendring og bruksendring av uthus/verkstad til anneksgjestehtte - gbnr 212/68 Eikanger øvre**

**Framlegg:**

Lindås kommune sitt vedtak datert 08.05.2013 vert oppretthaldt, klagen vert ikkje tatt til følge.

Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Saka er trekt.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Saka er trekt.

---

**27/14: Avslag på søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan og avslag på rammeløyve for etablering av tomannsbustad og hybel gbnr 195/28 Leiknes**

**Framlegg:**

Kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon i frå føresegn 1.1 i arealdelen av kommuneplanen, vedkomande krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. Plan- og bygningslova §§ 11-6 og 19-2.

Kommune gjev avslag på søknad om rammeløyve for riving av uthus og oppføring av ny

tomannsbustad og innreding av kjeller på eksisterande tomannsbustad til hybel, jf. Plan- og bygningslova § 20-1 og § 27-4.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst (Halvard Rydland-H)

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon i frå føresegn 1.1 i arealdelen av kommuneplanen, vedkomande krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. Plan- og bygningslova §§ 11-6 og 19-2.

Kommune gjev avslag på søknad om rammeløyve for riving av uthus og oppføring av ny tomannsbustad og innreding av kjeller på eksisterande tomannsbustad til hybel, jf. Plan- og bygningslova § 20-1 og § 27-4.

---

**28/14: Klage på avslag på søknad om å utvide eksisterande steinkai mot aust - gbnr 212/66  
Eikanger øvre**

**Framlegg:**

Lindås kommune sitt vedtak datert 08.05.2013 vert oppretthaldt, klagen vert ikkje tatt til følge. Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Saka er trekt.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Saka er trekt.

---

**29/14: Søknad om dispensasjon frå plankrav og dispensasjon frå byggegrense mot sjø for bruksendring av fritidsbustad og oppføring av større tilbygg - gbnr 212/56 Eikanger Øvre**

**Framlegg:**

Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og plankravet i kommuneplanens arealdel punkt 1.1 og 1.10 for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av eit større tilbygg over byggegrensa mot sjø, jf. pbl § 11-6, jf. pbl § 19-2.

Som grunngeving for vedtaket er det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Det vert gjort merksam på at dersom det vert gjeve dispensasjon i saka, må vedtaket sendast Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune for klagevurdering.

**Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

**Framlegg frå Frp / SP / H / Ap og Alf Angelskår-Krf:**

Plan og miljø innvilgar dispensasjon etter Pbl. § 19-2 frå byggrensa mot sjø og plankrav i kommuneplan for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av eit tilbygg over byggrensa mot sjø.

**Grunngeving:**

-Det er bratt terreng ned mot sjø. Det er i nærleiken av større industrikai og er difor ikkje andvendeleg til friluftaktivitet. Strandsona er difor å ansjå som ikkje funksjonell. Tiltaket vil ikkje forverra tilgang til strandsona for ålmenta.

-Bygget ligg som siste hus i eit einebustad område. Bygget ligg mellom to ekisterande bustadshus.

Bustadhus er der allerede og vil difor ikkje gje ytterligare forringelser i området.

PMU kjem difor til at samla sett er fordelane ved å gje dispensasjon vesentleg større enn ulempene.

## **Behandling:**

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Framlegg frå Frp, SP, H, Ap og Alf Angelskår-Krf vart vedteke mot 1 røyst (Sæbjørg Hageberg Kjekskår)

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Plan og miljø innvilgar dispensensasjon etter Pbl. § 19-2 frå byggrensa mot sjø og plankrav i kommuneplan for bruksendring av eksisterande fritidsbustad og oppføring av eit tilbygg over byggrensa mot sjø.

#### Grunngjeving:

-Det er bratt terreng ned mot sjø. Det er i nærleiken av større industrikai og er difor ikkje andvendeleg til friluftaktivitet. Strandsona er difor å ansjå som ikkje funksjonell. Tiltaket vil ikkje forverra tilgang til strandsona for ålmenta.

-Bygget ligg som siste hus i eit einebustad område. Bygget ligg mellom to ekisterande bustadshus.

Bustadshus er der allerede og vil difor ikkje gje ytterligare forringelser i området.

PMU kjem difor til at samla sett er fordelane ved å gje dispensasjon vesentleg større enn ulempene.

---

## **30/14: Søknad om etablering av gangbru i friområde gbnr 188/116 - Gjervik Ytre**

### **Framlegg:**

Kommunen gjev sitt samtykke for gjennomføring av omsøkte gangbru, jf. pbl § 13-1 (2).

Kommunen gjev fritak for nabovarsling, jf. pbl § 21-3 (2), 1. punktum.

Kommunen gjev løyve til etablering av gangbru i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 08.01.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

#### Vilkår for løyve:

1. Planlagde biotopforbetrande tiltak vert gjennomført lenger nord i Kvassnesstemma.

Dette omfattar oppbygging av etablerte småholmar i vatnet, samt etablering av hekkeplattformar i nærleiken av dette området.

2. Bygging av gangbru kan først gjennomførast etter at biotopforbetrande tiltak (1) er gjennomført, men ikkje før år 2015.
3. Bygging av gangbru må vere slutført før måsane tek til å hekke. Dersom dette ikkje let seg gjere må igangsetting av tiltaket utsetjast til år 2016.
4. Dersom det viser seg at tiltaket ikkje medfører ynskja resultat og tiltenkte effekt må gangbrua fjernast og arealet sikrast mot ferdsle inn i området.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Grunngjevinga går fram at saksutgreiinga.

**1.) Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:  
Framlegg frå Halvard Rydland (H):**

PMU meiner det er for stor usikkerhet i om foreslått biotopforbetrande tiltak vil medføra ynskja resultat og tiltenkt effekt, og vil difor ikkje anbefale gjennomføring av tiltaket.

PMU sine grunnar for dette vedtaket er at det er for stor usikkerhet til utforming av tiltaka, kostnader og spørsmål om dette er innanfor ansvarsområdet til kommunen.

**2.) Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:  
Framlegg frå Krf og SP:**

Som rådmannen minus plattformar i vilkår nr. 1. Rydding av eksisterande holmar er tilstrekkeleg, jmf. ornitologisk foreining.

**Behandling:**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Det vart røysta over kvart framlegg for seg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst og fall (Ståle Hauge -Ap)

Framlegg frå Halvard Rydland H vart vedteke med 5 røyster, leiar nytta dobbeltrøysta (Halvard Rydland-H, Jan Erik Hope-H, Ingrid Hindenes-H og Henriette Mjøs-Frp)

Framlegg frå Krf og SP fekk 4 røyster og fall. Leiar nytta dobbeltrøysta si. (Ståle Hauge-AP, Laila Bjørge (SP), Sæbjørg Hageberg Kjekka og Alf Algelskår (Krf)

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

PMU meiner det er for stor usikkerhet i om foreslått biotopforbetrande tiltak vil medføra ynskja resultat og tiltenkt effekt, og vil difor ikkje anbefale gjennomføring av tiltaket.

PMU sine grunnar for dette vedtaket er at det er for stor usikkerhet til utforming av tiltaka, kostnader og spørsmål om dette er innanfor ansvarsområdet til kommunen.

---

**31/14: Klage på vilkår i løyve og forslag til nytt vedtak - gbnr 137/661 Alver - brannstasjon**

**Framlegg:**

Kommunen tek klagen datert den 18.11.2013 til følgje og gjev fylgjande endringsvedtak:

Kommunen gjev løyve til bruksendring av eksisterande næringsbygg «lager og

vareutsalg» til «brann- og driftsstasjon», jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon frå arealformålet i gjeldande reguleringsplan for tiltaket, jf. pbl § 12-4, jf. § 19-2.

Offentleg veg må vere opparbeid og godkjent etter krav frå Teknisk drift, jf. pbl § 18-1. Vegen må opparbeidast seinast innan eitt år frå vedtaksdato.

Ved søknad om ferdigattest for ombyggingsarbeida (sak 2013/2161) skal det presiserast at søknaden også skal gjelde bruksendring av bygningen til «brann- og

driftsstasjon».

**Behandling:****Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:**

Kommunen tek klagen datert den 18.11.2013 til følge og gjev fylgjande endringsvedtak:

Kommunen gjev løyve til bruksendring av eksisterande næringsbygg «lager og

vareutsalg» til «brann- og driftsstasjon», jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon frå arealformålet i gjeldande reguleringsplan for tiltaket, jf. pbl § 12-4, jf. § 19-2.

Offentleg veg må vere opparbeid og godkjent etter krav frå Teknisk drift, jf. pbl § 18-1. Vegen må opparbeidast seinast innan eitt år frå vedtaksdato.

Ved søknad om ferdigattest for ombyggingsarbeida (sak 2013/2161) skal det presiserast at søknaden også skal gjelde bruksendring av bygningen til «brann- og driftsstasjon».

---